


Frivilligstrategi 2022-2030

Vedtatt av Time kommunestyre den 21. juni 2022.



Innhold

Time kommune sin visjon, verdier og mål	2
Føremålet med frivilligstrategien	2
1 Prinsipp.....	3
2 Rammer	4
2.1 Dialog.....	4
2.2 Ressursar	5
2.3 Rekruttering	7
2.4 Føreseielegheit.....	8
3 Oppfølging av frivilligstrategien	9

Time kommune sin visjon, verdier og mål

Samarbeidet mellom kommunen og frivillig sektor har alltid vore eit sentralt tema, ikkje minst for kultursektoren. Med ein eigen frivilligstrategi ønsker me å setta søkelys på korleis «heile kommunen» kan samhandla med frivillig sektor, på ein meir systematisk og strukturert måte. Det ligg eit potensiale her som me håpar å kunna utnytta på ein betre måte, med å styrka dette samarbeidet ytterlegare.

Regjeringa har bestemt at FNs 17 berekraftmål skal vera del av samfunnsplanlegginga i kommunane. Time kommune har prioritert 7 av berekraftmåla, som skal gjevast særskilt merksemd dei næraste åra. Berekraftmål nr 17: «Samarbeid for å nå måla», er eitt av dei prioriterte måla.



Målsettingar i Planprogram til kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034 som har særleg relevans for frivilligstrategien:

- Finna gode løysingar på behov som oppstår saman med innbyggjarar, frivillige lag og organisasjonar og næringsliv.
- Skapa møteplassar på tvers av generasjonar.
- Ta i bruk eldreressursen.
- Nyttja frivilligheita som ein ressurs i nærmiljøet.

Føremålet med frivilligstrategien

Strategien skal leggja eit godt grunnlag for samhandling mellom frivillig sektor og kommunen. Den skal gje føringar på følgjande område:

- Å utarbeida ein føreseieleg og langsiktig politikk overfor lag og organisasjonar i kommunen.
- Korleis kommunen kan stimulera og leggja til rette for frivillige organisasjonar og frivillig arbeid.
- Arbeidet med å forankra “Fritidserklæringa for barn og unge”.
- Samarbeidet med frivillig sektor når det gjeld kommunen sine satsingsområde.

Frivilligstrategien representerer Time kommune sin frivilligheitspolitikk og inneheld grunnleggande prinsipp og overordna målsettingar for kommunen sitt samspel med frivillig sektor. Målet med strategien er å gje eit fundament for eit forutsigbart og konstruktivt samspel mellom partane.

Kommunen har valt å dela frivilligstrategien inn i tre delar:

1. Prinsipp for samspelet
2. Rammer for samspelet
3. Oppfølging av strategien

1 Prinsipp

Frivillig sektor vert sett på som ein sjølvstendig samfunnssektor på lik linje med dei andre sektorane i samfunnet. Samarbeid og samskaping mellom kommunen og frivilligheita er basert på likeverdig partnerskap og gjensidig respekt for kvarandre sine roller.

Frivillig sektor er samfunnsbyggjande og spelar ei viktig rolle som formidlar og forvaltar av demokratiske verdier i lokalsamfunnet. Samhandling krev ressursar og engasjement, og det må settast av nødvendig tid til samspelet. Offentleg og frivillig sektor har ulike, men utfyllande roller i samfunnet. Samarbeid bygger på prinsippet om at frivillig sektor skal supplera og ikkje erstatta offentlege tenester. Kommunen ønsker å leggja til rette for ein heilskapleg frivilligheitspolitikk på alle nivå. Politikken skal gje grobott for ein aktiv og veksande frivillig sektor. Utviklinga av frivilligheitspolitikken skjer i dialog med frivilligheita og ber preg av å vera open, føreseieleg, tilgjengeleg og bygd på tillit.

Kommunane står overfor store og komplekse samfunnsutfordringar som auka digitalisering, klimaendringar, auka ulikskap blant innbyggerane og strammare økonomiske rammer. Utfordringane me står overfor vil me ikkje klara åleine. Time kommune har eit ønske om at FNs berekraftsmål nr 17- «Samarbeid for å nå måla» skal danna grunnlaget for korleis me tenker og planlegg i den vidare utviklinga av Time-samfunnet.

Time kommune vil med frivilligstrategien invitara til samarbeid med frivillig sektor for å løysa viktige samfunnsutfordringar framover. Prioriterte satsingsområde er mellom anna folkehelseutfordringar, inkludering, integrering og samskaping mellom frivillig sektor, næringsliv og kommunen.

I vedlegget til Frivilligstrategi for Time kommune ønsker kommunen å synleggjera alt det gode arbeidet som frivillig sektor gjer i forbindelse med kommunen sine definerte folkehelseutfordringar.



2 Rammer

2.1 Dialog

Frivilligheita er i stadig utvikling, på lik linje med samfunnet elles. Uorganisert frivilligheit vert ein større del av frivilligheita framover. Fleire ønsker å delta i frivillig arbeid i periodar, knytt til for eksempel engasjement for ei oppgåve, og ikkje som fast medlem i ein organisasjon. Den organiserte frivilligheita, bestående av frivillige lag og organisasjonar, står framleis sterkt blant innbyggjarane våre, i alle aldersgrupper.

Frivilligheita lever av lyst og døyr av tvang. Det er viktig å verdsetta frivilligheita sitt bidrag i lokalsamfunnet og forstå frivilligheita sin eigenverdi.

Det er frivilligheita som er ekspert på frivillig innsats, lokal mobilisering og engasjement. Kommunen vil leggja til rette for å auka frivillig sektor sin medverknad i samhandling med kommunen. Dette vil føra til gjensidig læring og demokratiutvikling, betre kvalitet og gje betre eigarskap til politiske føringar.

Slik gjer me det:

- Kontaktkonferansen, felles årleg møte mellom frivillig sektor og politikarane, i februar.
- Time kommune sitt felles kontaktpunkt for enkeltpersonar er Time frivilligsenter, mens avdeling kultur og fritid er kontaktpunkt for frivillige lag og organisasjonar.
- Samarbeid med frivillig sektor vert teke inn som eige tema i årsrapportar.
- Etablere eit system som kan oppdatere oversikt over lag og organisasjonar i Time kommune.



2.2 Ressursar

Kommunen har aldri klart å løysa alle samfunnsoppgåver åleine. Frivillig sektor har lenge spelt ei aktiv rolle og dei vert ikkje mindre viktige framover med tanke på å oppretthalda velferdssamfunnet og å løysa sentrale utfordringar me står overfor.

Frivilligheita har lange tradisjonar, stor kapasitet og opererer på nesten alle samfunnsområde. Frivilligheita tilbyr fritidsaktivitetar for barn og unge, idretts- og kulturopplevingar, opplæring, beredskapstenester, helse og omsorgstenester med meir. Frivillige organisasjonar har opparbeidd seg solid kunnskap, mykje erfaring og høg tillit blant innbyggjarane.

Kommunen vil stimulera til meir frivillig engasjement for å styrka dei frivillige organisasjonane si rolle, både som nærmiljøbygger, som ei inkluderande kraft og som bidragsytar med tanke på å løysa felles samfunnsutfordringar.

Frivillig Norge gjorde i 2018 ei kartlegging av frivillige lag og organisasjonar i Time. Kartlegginga viser at økonomisk tilskot, tilgang på eigna lokale og rekruttering av medlemmar betyr mykje for frivillig sektor.

Slik gjer me det:

Tilskotsordningar

- Kommunen vil gjera informasjon om tilskotsordningar som gjeld frivillig sektor lett tilgjengeleg, mellom anna ved å abonnera på Tilskuddsportalen.
- Kommunen vil leggja til rette for kurs i søknadsskriving og bruk av Tilskuddsportalen
- Ein gong i året, i november.
- Retningslinjer for kommunale tilskotsordningar retta mot frivillig sektor vert gjennomgått i 2022.

Eigna lokale

- Kommunen vil leggja til rette for at frivillige organisasjonar får tilgang til eigna og gode lokale. I forbindelse med dette vil det i 2022 verta utarbeidd ei eiga sak med fokus på «Felles reglement for utlån av kommunale bygg, lokale og anlegg til frivillige lag og organisasjonar».
- Retningslinjer for tildeling skal oppdaterast og gjerast lett tilgjengelege.
- Kommunen vil vurdere å ta i bruk digital bookingløyising for lokale.
- Time frivilligsenter/avdeling kultur og fritid skal ha oversikt over lokale som er tilgjengelege for frivillige.

Kompetanse

- Kommunen vil bidra med kompetanseheving på tema som vert spelt inn til Frivilligsenteret og/eller avdeling kultur og fritid frå frivillig sektor.
- Kommunen skal sikra at tilsette har kompetanse til å ta imot og samarbeida med frivilligheita.
- Samarbeid med frivillig sektor skal inn i opplæringa av nye folkevalde.

Samarbeid om felles interesser i lokalsamfunnet

- Kommunen vil leggja til rette for at frivillige organisasjonar som ønsker å vera ein ressurs og bidra til å løysa samfunnsoppgåver, kan inngå avtalar om samarbeid.
- Kommunen vil leggja til rette for at enkeltpersonar som ønsker å bidra, får vera ein ressurs når det gjeld å løysa samfunnsoppgåver.
- Kommunen vil saman med frivilligheita sjå på utfordringar som er i nærmiljøet, og laga ei oversikt over aktuelle aktivitetar som kan bidra positivt til kommunen sine satsingsområde innan folkehelse.



2.3 Rekruttering

Kommunen vil bidra med å løfta frivilligheita og arbeida for at fleire innbyggjarar får lyst til å vera frivillige, anten gjennom frivillige organisasjonar eller som enkeltpersonar. I Time bur det seniorar som representerer viktige ressursar, kunnskap og erfaring, og som ønsker å delta og gjera ein innsats i lokalsamfunnet. Ungdom, innflyttarar til kommunen, innbyggjarar som er heilt eller delvis ute av arbeidslivet, alle har ressursar å bidra med i forbindelse med det frivillige arbeidet.

Slik gjer me det:

- Årleg arrangement der me heidrar frivilligheita.
- Time frivilligsenter vil saman med resten av kommunen dela gode historier og prosjekt på sosiale media og nettsida.



2.4 Føreseielegheit

Det skal vera enkelt å starta og driva ein frivillig organisasjon i Time. Dei frivillige organisasjonane er medlemsbaserte og all aktivitet, drift og økonomi vert i all hovudsak administrert gjennom frivillig innsats der ein tek omsyn til organisasjonen sitt føremål og vedtekter.

Kommunen vil leggja til rette for føreseielegheit, mellom anna slik at organisasjonane bruker minst mogleg ressursar på byråkrati og rapportering og heller meir tid på kjerneaktivitetane sine.

Slik gjer me det:

Tilskotsordningar

- Driftstilskot og liknande til lag og organisasjonar skal vera føreseielege og søknadsprosessane skal vera enkle.

Eigna lokale

- Kommunen vil leggja til rette for at frivillige organisasjonar får tilgang til eigna og gode lokale.



3 Oppfølging av frivilligstrategien

Frivilligstrategien skal bidra til meir føreseielegheit og ha eit langsiktig perspektiv i samspelet mellom kommunen og frivillig sektor.

- Frivilligstrategien vert rullert kvart 4. år og vert vedteken av kommunestyret.
- Det vert rapportert årleg til Utval for levekår på status for tiltaka i handlingsprogrammet «Slik gjer me det».
- Oversikta over tiltak vert rullert kvart år på fellesmøtet for lag og organisasjonar.
- Me tilrår at det vert oppretta ei referansegruppe som har ansvar for gjennomgang og evaluering av handlingsprogrammet og «Slik gjer me det»-punkta i planen. Dette som grunnlag for årleg innspel til årsrapporten. Det vert føreslått at referansegruppa består av representantar for breidda av frivilligheit i Time kommune, kommuneadministrasjon og politikarar. Representantar for frivilligheita vert valde på det årlege møtet. Representantane vert valde for 2 år.

Innhaldet i frivilligstrategien skal følgjast opp gjennom:

- Å gjera strategien kjent, operativ og verksam i alle kommunalområda og i politiske utval.
- Å gjera strategien kjent gjennom Ungdomsrådet, Senior- og brukarrådet og via andre politiske utval.
- Utforming av nye planar og rulling av eksisterande planar.
- Utforming av kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett.
- Å gjennomføra ein årleg konferanse mellom heile breidda av frivilligheita, politikarar og administrasjonen for å drøfta relevante saker.
- Å leggja til rette for både formelle og uformelle møte mellom frivillig sektor og administrasjonen i kommunen.
- I samarbeid fylla ut og vedlikehalda oversikta over tiltak som er vedlagde strategien, første gong i løpet av 2022.



Vedlegg:

På bakgrunn av oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Time kommune er det utarbeidd ei liste over dei viktigaste satsingsområda for folkehelsa framover. Frivillige lag og organisasjonar gjer dagleg ein stor innsats på desse områda.

Oversikta nedanfor viser dei fem prioriterte områda i Time kommune sin folkehelseprofil. Oversikta over tiltak og ansvarleg vert fylt ut av dei frivillige lag og organisasjonar i fellesskap, og vil gje eit bilde på alle dei ulike ressursane og tiltaka som skjer i regi av frivillige lag og organisasjonar på desse områda.

Prioriterte satsingsområde	Namn/type aktivitet	Ansvarleg lag/organisasjon
Psykisk helse	Leksehjelp	Bryne Røde Kors
	Besøksvenn institusjon	Bryne Røde Kors
	Språkkafe Snakkis	
	Busstur for eldre i institusjon	Bryne Røde Kors
	Golf Grønn Glede	Jæren golfklubb
	Deltaking i musikklivet kan gje betre livskvalitet	Rogaland musikkråd
Inntektsskilnadar/ Redusera konsekvensen av barnefattigdom	Utlån av idretts- og friluftsutstyr	Frilager
	Jærkortet	
	«Alle Med»	
	Julearrangement, juleafta for dei som har behov for nokon å feira med.	Bryne Røde Kors
	RØFF ungdomsgruppe	Bryne Røde Kors
	Grasrotfond, økonomisk støtteordning for barn og unge for å kunna delta i fritidsaktivitet	Bryne Røde Kors
	Juniormedlemskap til kr 100 for dei under 20 år	Jæren golfklubb
	Har eige fond til turar og liknande	Time sokn
Trygge skuleveggar		
Eldreressursen	Tysdagsgjengen	Jæren golfklubb
	Kosekveldar med mat og underhaldning ved Sivdamheimen/Bryneheimen	Lions Club Bryne
	Oppgradering av Sansehagen	Lions Club Bryne
	Torsdagstreffet for alle +- 60 år	Time sokn
	Vår-/haustfest for alle +- 60 år	Time sokn
Aktivitetmangfald	Nærturar	Jæren Turlag

Turar for barn/familiar og voksne	Jæren Turlag
Kul-Tur	Time Frivilligsenter
Strandtur	Time Frivilligsenter
Turgruppe	Bryne Røde Kors
Innvandrantreff	Time sokn
Sundagstreff for personar med funksjonsnedsetting	Time sokn
Strikkekafé	Time sokn og Time bygdekvinnelag
Fredagsmiddag	Time sokn
Møte siste onsdag i månaden	Time bygdekvinnelag
Fysisk aktivitet i sal og basseng	Bechtere Sør Rogaland

